

-KUNNGJERING-

Eg som Ordførar har det siste året blitt kontakta av, og hatt samtalar med, fleire personar som har fortalt at dei har blitt utsett for seksuelle overgrep då dei var mindreårige. Eg ser ingen grunn til å tvila på det som har blitt fortalt, og at dette har påført dei som vart ramma store og langvarige belastningar.

Det er også grunn til å tru at fleire enn dei som eg har snakka med, kan vera utsett. Dei kan ha bore på desse erfaringane i stillheit.

Ein avdød kan verken straffefølgast eller forsvare seg mot alvorlege skuldingar. Det er politiet si oppgåve å etterforske saker, og domstolane si oppgåve å ta stilling til spørsmål om skuld og eventuell straffeutmåling.

Som ordførar vil eg difor understreke at kommunens anerkjenning av dei utsette sine historier er motivert av moralske og etiske grunnverdiar: Kommunen har plikt til å avverge overgrep, og til å hjelpe dei som har vore, og måtte bli utsette for slike krenkingar.

Det er krevjande for eit lokalsamfunn når overgrep blir knytt til ein person med høg kulturell status. Vedkommande har hatt ei viktig rolle i bygda som diktar og kulturformidlar, og mange har gode minner og opplevingar knytt til dette.

Samtidig veit vi no at fleire har vonde opplevingar og minner. Det er vanskeleg å halde fast ved at begge desse opplevingane kan eksistere samtidig. Likevel er det nødvendig at vi som lokalsamfunn klarar å gi rom for det, og saman kan gå vidare som eit fellesskap.

Surnadal kommune vil uttrykke djup respekt for dei som no har stått fram og delt sine historier. Vi forstår at det krev stort mot, og vi anerkjenner den smerta og uretten dei har opplevd. Som lokalsamfunn tek vi sterk avstand frå handlingane desse personane har fortalt om, og håpar andre som har opplevd eller opplever overgrep søker hjelp og støtte.

Viktig å vise støtte og ikkje teie

Vi veit at det kan vere vanskeleg å forstå kvifor slike historier kjem fram først no. Erfaringar frå andre lokalsamfunn viser at det ofte tek lang tid før overgrep blir fortalde. Det gjer det ekstra viktig at vi som samfunn møter desse personlege historiene med openheit, respekt og støtte.

Kan få hjelp

Surnadal kommune tek eit ansvar for å bidra til at dei som er ramma får hjelp. Vi har derfor oppretta eit eige telefonnummer som ein kan ringja.

Tilbodet gjeld både for deg som sjølv har vore utsett, for pårørande, og for andre berørte, uavhengig av om dette er knytt til denne aktuelle saka eller andre saker.

Meir informasjon om dette finn du på kommunen sine nettsider. Vi oppmodar alle som treng det til å ta kontakt.

Det er **aldri** for seint å søke støtte.

Surnadal 23.09.2025

Hugo Pedersen
Ordførar/sign.